



Innkalling for Formannskapet i Radøy

Møtedato: 04.09.2018
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 09.00

Saksliste:

Saksnr	Tittel
045/2018	Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - arbeidsmøte i styringsgruppa
046/2018	Kommunen som samfunnsbygger - MOT-avtale
047/2018	Krafttak for ungdom - brev til ordførarane i Hordaland
048/2018	Påskjøning tilsette i Radøy kommune - oversendingsframlegg
049/2018	Tilskot til 17. mai-feiring
050/2018	Søknad om drosjeløyve - uttale
051/2018	Søknad om serveringsløyve - Pizzabakeren Meland - serveringsvogn
052/2018	Tiltak mot sosial dumping - oppfølging av spørsmål i Spørjetimen
053/2018	Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale
054/2018	Revidering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026
055/2018	Småbarnsavdeling Austebygd barnehage
056/2018	Turløype på Manger - lyssetting
057/2018	Meldingar og referatsaker

Den som har lovleg forfall eller er ugild i nokon av sakene må melda i frå til kultur- og sørvistorget så snart som råd, tlf 56 34 90 00. Varamedlemmer møter etter nærare innkalling.

16. oktober 2018

Jon Askeland
møteleiar

Arthur Kleiveland
utvalssekretær

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
045/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Tonje Nepstad Epland	14/276	18/11769

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy kommune - temarevisjon - arbeidsmøte i styringsgruppa

Saksopplysingar:

Saka gjeld delrevisjon av Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23.

Formannskapet er styringsgruppe for planarbeidet og får i denne saka orientering om revisjonsarbeidet, utkast til reviderte plandokument og vidare framdriftsplan.

Oppstart av delrevisjon og godkjenning av planprogram

Formannskapet i Radøy kommune gjorde i møte 12.09.13, sak 040/2013, vedtak om oppstart av delrevisjon av Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23.

Formannskapet i Radøy kommune gjorde i møte 05.06.17, sak 054/2014, vedtak om oppstartsvarsel og offentleg ettersyn for planprogram. Oppstartsvarsel og framlegg til planprogram vart sendt på høyring med merknadsfrist 20.08.14.

Kommunestyret fastsette planprogram for delrevisjonen i møte 29.01.15, sak 010/2015.

Rettsleg grunnlag

Planarbeidet er starta og planprogram er godkjent med heimel i plan- og bygningslova av 27.06.08 § 11-13, slik denne var gjeldande i 2013, samt Forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova av 19.12.14. (Forskrifta er med verknad frå 01.07.17 oppheva og erstatta av Forskrift om konsekvensutredningar av 21.06.17.)

Vidare planarbeid vil følgje plan- og bygningslova av 27.06.08 kap. 11 med dei siste endringar frå 21.06.17, samt Forskrift om kart, stedfestet informasjon, arealformål og kommunalt planregister (kart- og planforskrifta) av 26.06.09, sist revidert 26.02.18.

Tema for delrevisjonen og avgrensingar

Delrevisjonen har grunnlag i planstrategi for Radøy kommune 2012-2016, vedteke i møte 01.11.12, sak 079/2012. Etter planstrategien side 12 skal revisjonen omfatte føresegner, strandsone og havområde, samt bustader i LNF-område.

Tema for delrevisjonen framgår også av oppstartsvedtak, sak 040/2013, og vedtak om oppstartsvarsel og offentlig ettersyn for planprogram, sak 054/2014, samt planprogrammet vedteke i sak 010/2014:

- Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde eigedomar i LNF, kulturminne og havområde, samt korrektur mot plankart.
- Strandsone, byggegrense mot sjø, arealføremål i sjø og havområda
- Heilårsbustader på frådelt eigedomar i LNF-område

I sak 054/2014 er det gjort ei grundig vurdering av tema og avgrensingar.

Kva som inngår i dei ulike revisjonstema er gjort greie for i planprogrammet side 4 flg:

Plankrav, side 4:

I gjeldande kommuneplan er det sett krav om detaljregulering på dei fleste nye byggjeområde. Det har vist seg å vere eit ambisiøst krav som me har handsama mange dispensasjonssøknadar for. I revisjonen vil me no gå igjennom alle områda med plankrav og vurdere desse på ny. Eventuelle endringar må gjerast i plankartet ved at omsynssone med plankrav vert tekne ut. I føresegnene må ein sikre at plankrav er konsistente.

Kulturminne, side 5:

Kulturminne er teikna inn på kartet og vert omtala i føresegnene. Føresegnene har vist seg å ikkje vere tydelege nok for å sikre kulturminne.

Arbeid med Kulturminneplan for Radøy er starta opp.

Bygde eigedomar i LNF-områda, side 5:

Radøy kommune har store område sett av til arealføremål landbruk, natur og friluftsliv – LNF. Her gjeld eit byggje- og deleforbod til andre arealføremål. Kommunen handsamar kvart år mange dispensasjonssaker og ynskjer å sjå på korleis ein kan planleggje betre og på den måten søkje å unngå mange av desse. Me legg vekt på at kommuneplanen skal syne ein langsiktig strategi for utbygging, samtidig som det er fornuftig at eksisterande eigedomar må kunne vedlikehaldast og utviklast.

Endringar her krev at me legg inn LNF-område med spreidd eksisterande heilårsbusetnad tillete i plankartet. Det er tenkt å leggje inn større samanhengande soner med denne nemninga i kommuneplankartet. Desse sonene vil få eigne føresegner som seier kva som er lov utan dispensasjon.

Det er ikkje mogeleg etter plan- og bygningslova å leggje føresegner til dei reine LNF-områda om

andre føremål.

Kyst og strandsone, side 6:

I 100-metersbeltet langs sjø er det eit nasjonalt byggje- og deleforbod forvalta av kommunen jf plan- og bygningslova § 1-8. Strandsonevernet kan forenklast ved at ein definerer ei byggjegrense frå sjø eller ei funksjonell strandsone. Den funksjonelle strandsona kan vere meir eller mindre enn 100- meter frå sjø. Funksjonell strandsone skal definerast ved at ein tek omsyn til samspelet mellom sjø og land; både økologisk, estetisk, landskapsmessig og/eller bruksmessig. Det er viktig at kommunen definerer lokal byggjegrense mot sjø. Nye tiltak i sjø, behov for småbåthamner og naustområde vil verte vurdert i samband med arbeidet med revidert kommuneplan for Radøy.

Havområda, side 6:

I gjeldande kommuneplan er kommunedelplan for Manger og kommunedelplan for Radøy sør tekne inn. Dei vart utforma etter førre plan- og bygningslov då arealføremåla var litt annleis. Det har vist seg at me på grunn av dette ikkje har konsekvente arealføremål i sjø i kommuneplanen. Dette vil me rette opp.

Avgrensingar i planarbeidet framgår av planprogrammet side 7:

Revisjonen av kommuneplanen er ein delrevisjon som berre gjeld dei tema som er omtalt. (...)

Kartfesting av heilårsbustadane på frådelt eigeedomar i LNF-områda vil krevje ein del ressursar. Desse vil verte prioriterte og me tek difor ikkje med andre bygg i LNF-områda, som til dømes fritidsbustader som er ei veldig ueinsarta gruppe.

Rådmannen har vurdert om det er naudsynt å ta inn andre underkategoriar i LNF – spreidd, som til dømes å leggje til LNF – med spreidd næringsareal i kommuneplanen. Ved førre revisjon vart eigeedomar med næring vurdert og dei fleste ligg inne i gjeldande plan med arealkategori næring og ikkje med arealføremål LNF. Me vil difor ikkje vurdere næringseigeedomar i denne omgang.

Det er i denne revisjonen ikkje opna opp for å leggje inn nye byggjeområde i kommuneplanen. Nye byggjeområde i plan må konsekvensvurderast og det må utførast risiko- og sårbarheitsanalyse. Det er ein omfattande prosess.

Det er motstrid mellom tema for revisjon på side 6 og avgrensingar på side 7 i planprogrammet. Nye naustområde og nye område for småbåthamn er nye byggjeområde og vil krevje full konsekvensutgreiing. Planprogrammet avgrensar mot føremålsendring (endring i arealbruk) som krev konsekvensutgreiing. Rådmannen har funne å måtte leggje avgrensingane i planprogrammet til grunn og tolke nye byggjeområde for naust og småbåthamner ut av revisjonen. Fokuset på konsekvensutgreiing er vesentleg skjerpa sidan oppstart av planarbeidet i 2012, og erfaringar frå Kommuneplan for Bø viser at sjølv minimale føremålsendringar utløyser krav til konsekvensutgreiing, jf. til dømes fråsegn frå Hordaland fylkeskommune til Kommunedelplan for Bø:

Kvart einskild område, som får endra arealbruk må konsekvensutgreiast.

Trong for utgreiing i samsvar med planprogrammet

Analyse av funksjonell strandsone

I følge planprogrammet side 7 skal det gjennomførast analyse av funksjonell strandsone. Funksjonell strandsoneanalyse er utført av Asplan Viak. Analyserapport av 07.02.18 følgjer vedlagt. Analysen er kunnskapsgrunnlag for arealføremål i strandsone og byggegrense mot sjø i kartet.

Analyse av eksisterande bustader på frådelte eigedomar i LNF område

Delrevisjonen omfattar å leggje inn arealføremål for LNF-spreidd bustad eksisterande (LNF-SBE) i område der det er ein viss konsentrasjon av heilårsbustader på fråskilde eigedomar i LNF-område. Arealføremålet opnar ikkje for nye bustadar, berre mindre tiltak knytt til eksisterande bustader.

For å identifisere dei aktuelle områda har det vore naudsynt å gjennomføre ei kartanalyse som viser korleis bustadene er plassert.

Som grunnlag for analysen er det lagt inn følgjande kriterier:

- Bygning registrert som heilårsbustad. Bygning registrert som våningshus er ikkje omfatta.
- Frådelt eigedom på inntil 5 da.

Analysen er utført av Terje Villanger i Lindås kommune som del av det interkommunale samarbeidet i Nordhordland Digitalt. Analyserapportene av 16.01.18 følgjer vedlagt.

Analysen er kunnskapsgrunnlag for å leggje inn område for LNF-spreidd bustad eksisterande i kartet.

Konsekvensutgreiing

Planprogrammet legg ikkje opp til konsekvensutgreiing. Det er gjennomført konsekvensutgreiing for LNF-SBE-områda.

Innspel til kommuneplanrevisjonen

Merknader etter oppstart er gjennomgått i samband med godkjenning av planprogram, sak 010/2015. Merknadene må takast omsyn til i det vidare planarbeidet.

Kommunen har i perioden mellom fastsetting av planprogram og d.d. motteke nokre private innspel til planrevisjonen. Innspela har kome utanfor høyringsperiodar og er såleis ikkje formelt del av prosessen. Det vil vere høve for dei som har kome med innspela å kome med nye innspel i høyringsperiodar. Rådmannen har likevel funne det tenleg å gjere ei vurdering av dei innspela som allereie ligg føre, før plandokumenta er ferdigstilt for 1. gongs høyring og offentleg ettersyn. Innspela er i hovudsak knytt til føremålsending og ligg utanfor tema for delrevisjonen.

Kommunen har vidare motteke ei generell oppmoding frå Fylkesmannen i Hordaland om å avklare kva som inngår i arealføremålet *Bruk og vern av sjø og strandsone – fleirbruksområde i sjø*, jf. brev av 26.01.17. Avklaring av fleirbruksområde i sjø ligg etter rådmannen si vurdering innafør tema for delrevisjonen.

VURDERING

Det ligg føre utkast til revidert planskildring m/KU, plankart og føresegner. Dokumenta er arbeidsdokument og vil verte ferdigstilt etter arbeidsmøte med formannskapet.

Konsekvensutgreiing og ROS

Revisjonstema er vurdert etter Forskrift om konsekvensutgreiing, jf. pbl. § 4-2.

Det er utarbeidd ei særskild vurdering og skildring (konsekvensutgreiing) av planen sin verknad for miljø og samfunn når det gjeld dei nye LNF-SBE-områda. Planskildringa inneheld også ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS), jf. pbl. § 4-3.

Revisjonstema

Framlegg til revidert kommuneplan er utarbeidd i samsvar med dei tema som framgår av oppstartsmeldinga og planprogrammet:

Tema 1: Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde eigedomar i LNF, kulturminne og havområde, samt korrektur mot plankart.

Det er gjennomført generell **modernisering** av føresegna, samt **feilretting** og **korrektur** mot plankartet. Framlegg til reviderte føresegner er utarbeidd etter same mal som Kommunedelplan for Bø (under arbeid) for å sikre at kommunen i framtida får likelydande føresegner for heile kommunen på overordna nivå. Kommunedelplan for Bø har allereie vore på høyring, og merknader frå regionale styresmakter er gjennomgått og nytta som kunnskapsgrunnlag i arbeidet med kommuneplanrevisjonen.

Reviderte føresegner vil fullt ut erstatte føresegner som i dag gjeld for Kommunedelplan for Manger og kommunedelplan for Radøy sør.

Det generelle **plankravet** i gjeldande føresegner § 2-1 er vidareført i samsvar med plan- og bygningslova § 12-1. Unntak frå plankrav er gjennomgått og revidert.

Det er lagt inn nye føresegner for **bygde eigedomar i LNF-områda** med heimel i plan- og bygningslova § 11-11 nr 2. Føresegna vil gjelde i område med arealføremål LNF-spreidd heilårsbustad eksisterande (LNF-SBE) i kartet. Føresegna opnar for mindre tiltak på fråskilde, bygde eigedomar for å redusere tal «kurante» dispensasjonssaker. Føresegna er utarbeidd med utgangspunkt i eksempelføresegner frå Fylkesmannen i Hordaland og set krav til både formål, omfang og plassering, jf. brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 22.06.13. I LNF-SBE-områda er det ikkje opna for fortetting. Fråsegn til oppstartsmelding frå Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen som gjeld LNF-spreidd bustad er etter rådmannen si vurdering teke i vare i planarbeidet.

Det er lagt inn nye føresegner om **kulturminne** i samsvar med nyleg vedteken Kulturminneplan for Radøy kommune 2017-2027. Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune til kommunedelplan for Bø av 18.12.17 er nytta som kunnskapsgrunnlag i planarbeidet. Fråsegn til oppstartsmelding frå Hordaland fylkeskommune som gjeld kulturminne er etter rådmannen si vurdering teke i vare i planarbeidet.

Føresegner som gjeld **fleirbruksområde i sjø** er presisert.

Tema 2: Strandsone, byggegrense mot sjø, arealføremål i sjø og havområda

Det er gjennomført strandsoneanalyse og byggegrense mot sjø er revidert med strandsoneanalysen som kunnskapsgrunnlag.

Fråsegn frå Hordaland fylkeskommune til kommunedelplan for Bø av 18.12.17 peikar på Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Den regionale kystsoneplanen er nytta som kunnskapsgrunnlag i revisjonsarbeidet og retningslinene pkt 6.11 og 6.25 er innarbeidd i reviderte føresegner.

Når det gjeld arealbruk i sjø og havområda er tema i delrevisjonen først og fremst ei kartteknisk opprydding som følgje av at kommuneplanen og delplanane for Manger og Radøy sør er utarbeidd etter ulikt kartteknisk regelverk. Brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 26.01.17 viser at det også er trong for ei tekstleg presisering i føresegna om kva som inngår i fleirbruksområde i sjø. Vidare viser fråsegn frå Hordaland fylkeskommune og Fiskeridirektoratet, samt privat innspel frå Lingalaks, at eksisterande oppdrettsanlegg har utfordringar knytt til fortøyingar.

Det er gjennomført ei kartteknisk opprydding i sjøområda. I framlegg til reviderte føresegner er det avklart kva som inngår i fleirbruksområde i sjø. Når det gjeld endring/utviding av område for akvakultur er det rådmannen si vurdering at dette er ei føremålsendring som ligg utanfor tema for revisjonen. Endring/utviding av akvakulturområda vil utløyse krav til konsekvensutgreiing. Rådmannen ser at det er trong for å sikre areal for fortøyingar til akvakulturanlegg. Rådmannen har vurdert at dette kan løysast gjennom føresegner til fleirbruksområdet etter plan- og bygningslova § 11-11 nr 3. Også denne løysinga krev ei vurdering av konflikt med anna arealbruk, jf. fråsegn frå Fiskeridirektoratet og brev frå Fylkesmannen i Hordaland av 26.01.17.

Tema 3: Heilårsbustader på frådelt eigeidomar i LNF-område

Det er gjennomført analyse over eksisterande bustader i LNF-område. Analysekrteria har vore bygning registrert som heilårsbustad og frådelt tomt på inn til 5 daa. Analysen viser område der det er stor tettheit av eigeidomar som oppfyller analysekrteria, og såleis er eigna for å nytte arealføremål LNF-spreidd bustad eksisterande i plankartet. Det er knytt føresegner til LNF-SBE som opnar for mindre tiltak på bygd eigeidom utan dispensasjon, jf. ovanfor.

Kartarbeid

Arbeidet med innarbeiding av Kommunedelplan for Manger og Kommunedelplan for Radøy sør er ferdigstilt. Som ledd i dette arbeidet er det gjennomført retting av fleire tusen tekniske kartfeil.

I samband med revisjon av føresegna vert alle omsynsoner gjennomgått og det vert rydda i feil bruk av sonekoder.

Kulturminne som har vern som automatisk freda kulturminne skal visast med bandleggingszone etter lov om kulturminne (730). Kulturminne i verneklasse A skal visast med omsynsone for kulturminne (570).

Naturrestat som er verna gjennom vedtak vert vidareført med bandleggingszone (720). Øvrige soner med særleg omsyn til natur vert vurdert og vist med omsynsone 560.

Sone for drikkevasskjelder (110) er kontrollert opp mot hovudplan for vatn.

Bandleggingszone for regulering (710) vert tatt ut av plankartet då sona berre har rettsverknad i fire år.

Soner der gjeldande reguleringsplanar framleis skal gjelde vert vidareført, med unntak av sone for konvektorleidning.

Vurdering av merknader etter oppstart

Merknader etter oppstart er gjennomgått i samband med godkjenning av planprogram, sak 010/2015. Rådmannen vil særskild peike på følgjande merknader som har verknad for planarbeidet:

BKK AS

Det er teke inn føresegner om nettstasjonar og det vert lagt inn omsynsone for ny kraftleidning Mongstad-Kollnes i samsvar med merknad frå BKK.

Fiskeridirektoratet

Fiske:

Sjølv om talet på kystfiskarar har gått mykje tilbake dei seinare åra er sjøområda på vestsida og nordsida av Radøy framleis av verdi for næringsmessig kystfiske. Det går også føre seg eit omfattande fritidsfiske og dette fisket har auka i samband med aukande utbygging av hytter og fritidsbustader dei seinare åra. Det er etablert fleire rorbuerksemder i Nordhordlandsregionen som baserer seg på utleige for fritids- og turistfiske, og særleg i sommarhalvåret er det stort innslag av fritids- og turistfiskarar.

På generelt grunnlag ber vi kommunen om å leggje til rette for at fiske kan gå føre seg utan at anna arealbruk kjem til hinder for dette. Fiske kan i mange høve kombinerast med annan type arealbruk, men i enskilde sjøområde kan faste installasjonar som t.d. flytebyggjer, akvakulturanlegg og fortøyingssystem kome til hinder for fiskeri. Konfliktpotensial med anna arealbruk må derfor vurderast på bakgrunn av kva type fiske som går føre seg i området. Primært ber vi om at sjøområde som definerast som viktige for fiskeri, og der anna arealbruk vil kome til hinder for reiskapsbruk, vert satt av med ein-kategori føremål "fiske".

Kommuneplanen vart sist rullert 2008-2011 og sjøområda som er satt av for fiske i gjeldande plan er etter vår vurdering tilstrekkeleg for å ivareta næringens interesser.

Akvakultur:

Innafor sjøområda i Radøy er det gjeve løyve til matfiskoppdrett av laks og aure ved i alt 8 lokalitetar som alle ligg på vestsida. Det er i tillegg gjeve løyve til dyrking av skaldyr ved ein lokalitet i Toskasundet. Akvakultur er framleis ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelser, vil spele stor rolle når det gjeld næringa si trong til areal.

Anlegg i overflata med fortøyingssystem gjennom vassøyla til festepunkt på botnen vert å rekne som akvakultur og skal derfor medrekast i arealplanen.

Generelt ber vi kommunen om å sette av tilstrekkelege areal som sikrar framtidig drift ved lokalitetar det allereie er etablert verksemd på. Ved eventuell vurdering av nye akvakulturområda, legg vi vekt på at viktige fiskeriinteresser skal ivaretakast. Prinsippielt meiner vi at akvakultur kan inngå som arealbrukskategori i sjøområde der akvakultur ikkje medfører reell konflikt med eit eller fleire av dei andre føremåla.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tek til vitande at areal avsett til fiske i gjeldande kommuneplan i tilstrekkeleg grad tek i

vare omsynet til fiske.

Når det gjeld akvakulturområde tek rådmannen til vitande at areal for fortøyingar skal løysast i plan jf. ovanfor.

Statens vegvesen

Plankrav

Det vert i framlegget til planprogram opplyst at det i denne revisjonen ikkje blir opna opp for å leggje inn nye byggjeområde i kommuneplanen. Medan gjeldane kommuneplan sett plankrav i alle nye byggjeområde vil kommunen gjennom delrevisjonen av kommuneplanen gå igjennom alle områda med plankrav og vurdere desse på ny. Eventuelle endringar i plankartet skal gjerast ved at omssynsone med plankrav vert tekne ut.

Statens vegvesen er i utgangspunktet av den oppfatning at nye byggjeområder må være undergitt eit plankrav. Dersom det skal opnast for unntak frå plankravet for byggjeområder, bør dette avgrensast til å gjelde mindre utbyggingstiltak og bustadbygging på resttomter i allereie bebygde områder. Det må setjast eit tak på talet på kor mange bustadeiningar som kan etablerast på slike resttomter. Ein føresetnad må være at det for det aktuelle området er dokumentert at tilhøvet til mellom anna infrastruktur allereie er ivareteke. I tillegg bør det vere avklart at støy ikkje er ei aktuell problemstilling. (Vi viser for øvrig til PBL § 11-10 nr.1 og § 11-9 nr. 5.)

Område for spreidd busetnad, LNF-SB

Det er noko uklårt for Statens vegvesen kva Radøy kommune har meint i sin omtale av arealkategorien LNF-område med spreidd heilårsbustad. I framlegget til planprogram er det mellom anna sagt at kommunen tenkjer å leggje inn større samanhengande soner med denne nemninga i kommuneplankartet.

Statens vegvesen rår til at Radøy kommune vurderer den løysinga Meland kommune har vald i framlegg til ny kommuneplan, med å skilje mellom LNF for ny utbygging og LNF for eksisterande spreidd utbygging. I sistnemnde område er det ikkje er opna for nye bustadeiningar eller bruksendringar, men det kan gjerast tiltak som oppføring av garasje, tilbygg og liknande.

Når det gjeld arealformålet LNF-spreidd for ny utbygging, bør dette ikkje tillastast der det ikkje er sikker skuleveg. Det er også viktig at denne arealkategorien bare vert nytta for reell spreidd utbygging. Dersom kommunen ynskjer å avgrense eit område der ein ynskjer å leggje til rette for større utbygging i eit område prega av landbruk må dette i plankartet visast som formål nr. 1 «områder for bebyggelse og anlegg» jfr. PBL § 11-7.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen tek Statens vegvesen sitt innspel når det gjeld plankrav til vitande.

Når det gjeld område for LNF-spreidd bustad framgår det av planskildringa side 5 at revisjonen berre gjeld område for «eksisterande heilårsbusetnad». Revisjonen skal opne for mindre tiltak på allereie bygde eigedomar. Det er ikkje lagt inn nye LNF-spreidd område for nye bustader.

Kulturminne:

Vidare skal Radøy kommune revidere plankrav til nye byggeområde, område med eksisterende bustader i LNF og frådelt eigeidom med eksisterende bygg. Revisjonen opnar ikkje opp for å leggje inn nye byggjeområde i kommuneplanen. Vi vil minne om at Hordaland fylkeskommune ikkje har gjennomført arkeologiske registreringar i heile kommuneplanen sitt areal.

Fylkeskommunen kan dermed ikkje seie seg samd i endra arealbruk i kommuneplanen sin arealdel før § 9 i kulturminnelova er oppfylt for det einkilde byggeareal, og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Undersøkningsplikt etter § 9 i kulturminnelova skal oppfyllest i samband med utarbeiding av reguleringsplan eller ved søknad om tiltak, dette gjeld både land- og sjøareal. Det er her viktig at kommunen gjer ei vurdering av dei enkelte områda når det gjeld potensial for funn av automatisk freda kulturminne og at ein lagar føresegner og retningslinjer som sikrar både kjende og hittil ikkje registrerte kulturminne i planen.

Akvakultur:

Det er viktig å ta omsyn til at mange akvalokalitetar har behov for større areal grunna lengre fortøying, og behov for omplassering i høve til resipient.

Rådmannen si vurdering:

Revisjonen skal opne for mindre tiltak på allereie bygde eigeidommar. Det er ikkje lagt inn nye LNF-spreidd område for nye bustader. Kommuneplanrevisjonen opnar såleis ikkje nye areal for utbygging. Føresegna sikrar at nye mindre tiltak må førast opp tett opp til eksisterende bygg og ikkje råka urørt areal. Det er gjennomført KU for LNF-SBE-områda.

Merknad som gjeld akvakultur er teke til vitande og trong for areal til fortøyingar for akvakulturanlegg er tema i planarbeidet.

Vurdering av innspel i perioden mellom godkjenning av planprogram og framlegg til revidert plan



Kommunen har i perioden mellom godkjenning av planprogram i 2015 og d.d motteke nokre private innspel til sjølve innhaldet i planen:

Lingalaks 26.06.18 og 10.08.18

Lingalaks har kome med innspel som gjeld akvakultur-lokalitetane på Toska nord og Jibbersholmane. Innspelet har to alternative løysingar for kvar lokalitet:

Alternativ A er vårt hovedønske, Alternativ B ønsker vi å få gjennomført om ikke Alternativ A kan gjennomføres i denne omgang. Håper da minst ett av alternativene innen hver lokalitet lar seg gjennomføre i den begrensede revisjonen som nå gjennomføres.


Framlegg til endring for lokaliteten Jibbersholmane:



Rådmannen si vurdering:

Innspel etter alternativ A gjeld endring av arealbruk og ligg utanfor tema for delrevisjonen. Etter alternativ B vil forøyingane til anlegget komme vesentleg utanfor arealføremålet Akvakultur. Etter rådmannen si vurdering krev dette eit plangrep, jf. ovanfor.

Framlegg til endring for lokaliteten Toska nord:



(trykkfeil for alternativ A. Skal være 8 x 160 meter)

Rådmannen si vurdering:

Innspel etter alternativ B gjeld endring av arealbruk og ligg utanfor tema for delrevisjonen. Innspelet kryssar også kommunegrense mot Austrheim og ligg utanfor det Radøy kommune kan løyse gjennom kommuneplan for Radøy kommune åleine.

Etter alternativ A vil fortøyingane til anlegget kome vesentleg utanfor arealføremål Akvakultur. Etter rådmannen si vurdering krev dette eit plangrep, jf. ovanfor.

Rådmannen gjer framlegg om at innspelet vert handtert etter alternativ B for begge lokalitetane og vert løyst gjennom føresegner til fleirbruksområdet, jf. ovanfor.

Risnes krins grunneigarlag 27.01.18, Kristen Risnes for Risnes krinsen 13.05.15 og Nils Sylta 15.05.17

Risnes-krinsen har levert innspel som gjeld nye bustadtomter og tilgang til båtplassar/båthamner, samt fråfall av plankrav og eit ynskje om at kommunen tek ansvar for regulering og utvikling av større tomteprosjekt.

Kristen Risnes for Risnes-krinsen har levert innspel til bustadfelt, felt for fritidsbustad og småbåthamn, enklare utbygging av bygde eigedomar i LNF-område, tilretteleggingstiltak for friluftsliv og bortfall av plankrav.

Nils Sylta har levert innspel om hyttefelt i Lokkevågane.

Formannskapet har vore i møte med Risnes-krinsen og har fått presentert krinsen sine ynskjer.

Rådmannen si vurdering:

Innspel som gjeld nye bustadtomter, fritidsbustadtomter og båtplassar/båthamner er føremålsendring og ligg utanfor tema for delrevisjonen. Tilsvarande gjeld for parkeringsplass i strandsone.

Det er lagt inn område med LNF-spreidd bustad eksisterande med føresegner som legg til rette for mindre tiltak på eigedom i LNF-område som er bygd med heilårsbustad.

Toalett og universelt utforma badeplass, samt enkle tilretteleggingstiltak for friluftsliv, kan godkjennast innafor grøne føremål etter gjeldande plan.

Når det gjeld krav til regulering følgjer dette direkte av plan- og bygningslova § 12-1:

For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan. Tillatelse etter § 20-2, jf. 21-4 for slike tiltak, kan ikke gis før det foreligger reguleringsplan.

Kommunen kan ikkje fråvike det generelle plankravet etter plan- og bygningslova gjennom føresegner til kommuneplan. Kven som tek ansvar for utbygging og regulering ligg utanfor det kommuneplanen skal ta stilling til.

Jorun og Johnny Søggen 18.05.17

Søggen viser til eit tidlegare innspel som gjeld gbnr 21/5 Sylta. Kommunen har i sitt arkiv eit innspel frå 18.10.08 som gjeld endring frå LNF til byggeområde for fritidsbustad. Området var teke med i arbeidet med fullrevisjon av kommuneplanen i 2011, men vart etter KU-vurdering og politisk vedtak ikkje teke med i den endelege planen. Det ligg også føre ein ny merknad frå Søggen mottatt 14.06.11, ein klage over kommuneplanvedtaket av 01.12.11 og noko etterfølgjande kommunikasjon. Endeleg avvising av klagen er gjort i vedtak av 13.02.12. Rådmannen forstår Søggen sitt innspel av 18.05.17 sånn at Søggen ynskjer at kommunen på nytt skal ta stilling til innspelet frå 2008/2011.

Rådmannen si vurdering:

Innspelet gjeld endring av arealbruk og ligg utanfor tema for delrevisjonen.

Geir Hugo Dalseng 01.12.15, Sissel Kristoffersen 31.08.15 og Ståle Rossgård 20.01.15

Dalseng ynskjer at det vert lagt inn byggeområde for småbåthamn i Valdersnes.

Sissel Kristoffersen (Valdersnes) ynskjer at kommunen legg inn føresegner som gjer det enklare å bygge på ubygd, fråskild tomt i LNF-område.

Rossgård ynskjer endring av arealføremål til byggeområde for naust og småbåthamn på gbnr 99/11 Ystebø.

Rådmannen si vurdering:

Innspela gjeld endring av arealbruk og ligg utanfor tema for delrevisjonen.

Vurdering av innspel frå Fylkesmannen i Hordaland som gjeld fleirbruksområde i sjø

I samband med handsaming av søknad knytt til akvakulturanlegg på Toska sør har Fylkesmannen i Hordaland i brev av 25.01.17 på generelt grunnlag teke opp spørsmål om tolking av arealføremålet *Bruk og vern av sjø og vassdrag - fleirbruksområde i sjø* (FNFF) i kommuneplan for Radøy kommune. Fylkesmannen i Hordaland er ueinig i den tolkinga Radøy kommune i samråd med Hordaland fylkeskommune tidlegare har lagt til grunn, og peikar på at gjeldande kommuneplan er uklar:

Vi kan ikkje sjå av kommuneplanen kva kommunen meiner om akvakultur innan fleirbruksområdet for hovudformålet, eller om kommunen meiner at det er rom for akvakultur her. Vi held det opent om kommuneplanen her har ein feil. Også som fleirbruksområde treng kommuneplanen avklåringar, slik som fastsett i pbl. 11-7 tredje ledd, sjå ovanfor. Men det er klart at dersom fleirbruksarealet med hovudformålet skal nyttast til denne typen akvakultur som vil vere einebruk og eksklusiv arealbruk, må kommunen gjere ytterlegare utgreiingar og

nødvendige avklaringar. Her kan vere konkurrerande bruk av areala, sjå nedanfor.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen er samd i Fylkesmannen i Hordaland si vurdering av at fleirbruksområdet i sjø er uklart og at det er trong for avklaring. Slik presisering er gjort i framlegg til nye føresegner.

Oppsummering

Utkast til revidert planbeskrivelse, KU, plankart og føresegner følgjer vedlagt. Av tidsomsyn vert det ikkje full gjennomgang av dokumenta i møtet.

Administrasjonen ynskjer dialog med formannskapet om planforslaget, og avklaring på om formannskapet har innspel eller ynskjer endringar før plandokumenta vert ferdigstilt for 1. gongs høyring og offentleg ettersyn.

Framdriftsplan

Vedtak om 1. gongs høyring og offentleg ettersyn i formannskapet 04.10.18 og kommunestyret 18.10.18.

Annonse i fulldistribusjon og utsending av høyringsbrev 20.11.18.

Høyringsperiode 20.11.18-15.01.19.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Plandokumenta vert ferdigstilt for 1. gongs høyring og offentleg ettersyn i samsvar med rådmannen si saksutgreiing og utkast til plandokument.

Vedlegg:

02_utkast planskildring utan foto_endring raud_KPL delrev 2018

Plankart_utkast_22082018_Hoppl

KP rev føresegner utkast til 040918

Rapport_FS_redusert_filstørrelse_obs_lav_oppløsning_kart

16012018_Bustadhus i LNF_Buffer 50m_5da

Arealdelen i kommuneplanen for Radøy kommune - forståing av planen for areal avsett til akvakultur

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon - Arealjustering

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon - nye opplysningar

Jibbersholane, A og B

Toska Nord, A og B

Radøy kommune kommuneplan

Innspel til kommuneplan - Hyttefelt i Lokkevågane

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon - innspel frå Risnes krins grunneigarlag

Vedlegg

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon

Re Reguleringsplan Valder

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon - innspel

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon - uttale

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon - uttale

Uttale til oppstartsmelding - delrevisjon av kommuneplan og ohøyring av framlegg til planprogram.

Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon - fråsegn til melding om oppstart av planarbeid

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
046/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Olaf Michal Hella	18/2056	18/11996

Kommunen som samfunnsbygger - MOT-avtale

Saksopplysingar:

Bakgrunn:

Radøy kommune er med i oppfølgingsordninga og har fått tilskot frå Fylkesmannen i Hordaland for å gjennomføre ei langsiktig og systematisk satsing på kompetanseheving innan temaet elevane sitt skulemiljø, både for skulane og for skuleeigar. Som eit tiltak i denne satsinga valde Radøy ungdomsskule å skrive avtalen «Skulen som samfunnsbyggjar» med MOT Noreg. Bakgrunnen for dette er dokumenterte resultat for programmet og det auka fokuset på livsmeistring som kjem inn i læreplanar og folkehelseplanar.

Våren 2018 søkte kommunen tilskot frå fylkeskommunen til folkehelseiltak. Kommunen fekk 95 000 kr for å innføre og gjennomføre MOT-programmet for alle elevane i ungdomsskulen.

Nokre av resultatata ein finn på MOT-skulane er: Mindre psykiske vanskar, færre ungdom utan ein einaste ven, mindre hyppig mobbing og mindre rusmisbruk. Programmet set fokus på korleis ungdommane kan meistre eige liv og vere ei støtte for kvarandre.

Då Radøy ungdomsskule skreiv avtalen med MOT fekk kommunen tilbod om å skrive ein tilsvarande kommuneavtale.

HOVUDMÅL: FELLESFORSTÅTT ANSVAR

"Kommunen som samfunnsbyggjar"

Målet er at kommunen skal bruke MOT som eit systemverktøy for å arbeide systematisk og helsefremjande med fokus på livsmeistring og god psykisk helse.

Avtalen er løpande, og dei fem første åra har følgjende tema:

- År 1: Verdibasert samfunnsbyggjing
- År 2: Team og kulturbyggjing
- År 3: Verdibasert samfunnsbyggjing

- År 4: Leiarutvikling
- År 5: Verdibasert samfunnsbyggjing

Kommunane spelar ei viktig rolle i det å leggje til rette for at ungdomsskulane i kommunen kan gjennomføre programmet "Robust ungdom", og er ein viktig støttespelar for at MOT-arbeidet skal verte ein raud tråd i lokalsamfunnet. Ved å vere med på programmet "Kommunen som samfunnsbyggjar" kan kommunen kalle seg eit Lokalsamfunn med MOT. Kommunen pliktar å bidra til at ungdomsskulane gjennomfører programmet, samt at toppleiinga i kommunen vert utdanna i MOT sitt konsept. I tillegg vert det gjennomført ein årleg refleksjonsdag med foredrag frå MOT sentralt. Første året har MOT sin styreleiar, Rune Bratseth foredrag for kommuneleiinga. I dag har Lindås kommune ein slik avtale av dei kommunane vi skal slå oss saman med. Kostnadane er pr i dag kr 15 000 pr år for kommunen.

Kostnadane til kommuneavtalen kan dekkast av midlane til folkehelsearbeid frå Hordaland fylkeskommune.

Vurdering

Rådmannen vurderer at kommunen får heilskap i arbeidet med å byggje og å vidareutvikla gode og trygge oppvekstmiljø ved å inngå kommuneavtale. Kommunen vil ved å skrive ein slik avtale signalisere at ein tenkjer heilskap i arbeid med barn og unge. Frå MOT si side er det ønskjeleg med dette heilskaplege fokuset frå dei samarbeidspartnarane kommunane er.

Kommunen vil få eit tilbod om verdibasert opplæring for 2 representantar i kommunen si leing over 3 dagar. I tillegg får ein tilbod om refleksjonsdag av representant frå MOT, for dei kommunen peikar ut som målgruppe. Dette kan vere med å tilføre verdifull kompetanse/ refleksjonar til kommunen på leiarnivå.

Rådmannen vurderer vidare at det er viktig med politisk forankring slik at den heilskaplege tenkjinga vert støtta og signalisert ut til innbyggjarane. MOT kan brukast til profilering, styrkje identiteten og som ein del av kommunen si verdiplattform. Dette vil vere ei støtte og styringsverktøy for livsmeistring og god psykisk helse for ungdommane i kommunen.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Radøy kommune inngår MOT-avtalen «Kommunen som samfunnsbyggjar»). Rådmannen inngår avtalen på vegne av Radøy kommune med MOT Norge.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
047/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/2019	18/11829

Krafttak for ungdom - brev til ordførarane i Hordaland

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I møte 7. juni la ordføraren fram for formannskapet eit ope brev til ordførarane i Hordaland, «Krafttak for ungdom i Hordaland», signert Stormberg-gründer Steinar J. Olsen. I brevet vart ordførarane bedne om å svara på tre spørsmål.

Formannskapet konkluderte med at dei ønskjer å jobba vidare med utfordringane og spørsmåla som kjem fram i brevet.

I det opne brevet Steinar J. Olsen har sendt ordførarane, trekkjer han fram ein rapport frå Katrine Løken (NHH) og Manudeep Bhuller (UiO) som viser at sysselsettinga går ned blant dei unge, samtidig som talet på uføretrygda under 30 år aukar med 50 prosent.

Talet på uføretrygda under 30 år i Hordaland er 1453 personar, som tilsvarer om lag 60 skuleklassar.

Olsen viser til at Stormberg dei siste 20 åra har rekruttert 25 prosent av sine medarbeidarar blant menneske som har hatt problem med å koma inn på arbeidsmarknaden. Han seier dette har vore lønsamt for verksemda, det har vore bra for samfunnet, og det har først og fremst gitt nokre av dei som har stått utanfor arbeidslivet ein mulegheit til å byggja ei betre framtid for seg og sine. Stormberg-gründeren meiner kommunane i Hordaland har ein unik mulegheit til verkeleg å kunne bidra til å redusera utanforskapet.

Steinar J. Olsen stiller tre konkrete spørsmål til ordførarane i Hordaland:

1. Vil din kommune etablera ei målsetting om at minst 5 prosent av nytilsette i kommunen skal vera menneske med nedsett funksjonsevne eller med «hol i CV-en»?
2. Vil du som ordførar anbefala næringslivet i kommunen å etablera ei målsetting om at minst 5 prosent av nytilsette i verksemda bør vera menneske med nedsett funksjonsevne og med «hull i CV-en»?

3. Maks 30 dagar utanfor: Vil din kommune forplikta seg til at alle unge under 30 år som har arbeidsevne, får tilbod om utdanning eller arbeidspraksis innan 30 dagar etter at dei startar på sosialhjelp eller andre trygdeytningar?

Rådmannen legg saka fram til drøfting utan framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt til drøfting utan framlegg til vedtak.

Vedlegg:

Krafttak for ungdom

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
048/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
	18/2021	18/11849

Påskjøning tilsette i Radøy kommune - oversendingsframlegg

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I sak 23/2018 vedtok kommunestyret følgjande oversendingsframlegg til formannskapet:

Oversendingsframlegg:

Radøy kommune har markert seg positivt gjennom fleire år, både i form av økonomiske og kvalitative resultat. Det er ein formidabel innsats som er lagt ned av kommunen sine tilsette, som har ført kommunen i denne positive situasjonen. Vi ber formannskapet handsama sak om "premiering" til dei tilsette, som takk for ein formidabel innsats gjennom fleire år.

Rådmannen legg saka fram utan framlegg til vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
049/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/132	18/11840

Tilskot til 17. mai-feiring

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I 2018-budsjettet har kommunestyret lagt inn 50 000 kroner som tilskot til 17. mai-komiteane i Radøy. Formannskapet gjorde 25. januar drøfta prinsippet for fordeling av midlane, og det vart gjort følgjande vedtak.

FS – 05/2018:

I Radøy kommune sitt budsjett for 2018 vart det sett av kr 50 000 i tilskot til 17. mai-komiteane, og i formannskapsmøte 25. januar sak 005/2018 vart det gjort vedtak om korleis desse midlane skulle fordelast og nyttast:

Midlane til 17. mai-nemndene er ei eingongsløyving som skal brukast til kjøp av nødvendig utstyr til 17. mai-arrangement.

Tilskotet på kr 50 000 som i budsjettet for 2018 er sett til fordeling mellom 17. mai-komiteane vert fordelt på følgjande måte:

Austebygd skule kr 5 600

Hordabø skule kr 12 100

Manger skule kr 21 050

Sæbø skule kr 11 250

Løyvinga vil verta utbetalt etter framviste kvitteringar.

Formannskapet har gjort det klart at tilskotet skal nyttast til investering i nødvendig utstyr til 17. mai-arrangement, og midlane at midlane skal utbetalast etter at kommunen har fått dokumentasjon på kostnader.

I møte 7. juni drøfta formannskapet ein søknad frå FAU ved Sæbø skule om støtte til innkjøp av utstyr til 17. mai-feiring i krinsen. FAU har i tillegg til nytt utstyr også kjøpt brukt utstyr frå Sæbø skulemusikklag – som tidlegare har hatt ansvar for gjennomføringa av 17. mai-feiringa. Formannskapet konkluderte med at søknaden om tilskot til kjøp av brukt utstyr frå Sæbø skulemusikklag ikkje er i samsvar med intensjon og vedtak om bruk av tilskotsordninga.

I formannskapet kom det fram ulike tilbakemeldingar frå 17. mai-komiteane på nyetablerte tilskotsordninga. Nokon gir uttrykk for at dei har behov for driftstilskot, andre meiner støtte til innkjøp av utstyr er ei god ordning.

Formannskapet konkluderte med at denne saka vert tatt opp på nytt til hausten.

I ettertid har FAU ved Sæbø klaga på avgjerda i formannskapet om ikkje å gje tilskot til kjøp av utstyr frå Sæbø skulemusikklag:

Formannskapet har gitt uttale at "søknaden om tilskot ikkje er i samsvar med bruken av tilskotsordninga". Dette kan me ikkje forstå kvifor den ikkje er i samsvar. Me har kjøpt utstyr frå Sæbø skulemusikk for å bruke det på 17.mai-arrangement. Det å kjøpa noko som er brukt må vel vere ein fordel i desse "miljøtider" med tanke på gjenbruk. Dette er nødvendig utstyr som me har kjøpt for å kunne arrangere den "store dagen".

Me vil ha ei grundigare forklaring vedrørande vedtaket i formannskapet, dette kjem ikkje tydelig fram av saksdokumentet.

Rådmannen legg saka fram for formannskapet utan framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Vedlegg:

Tilskot til 17. mai-komiteane - vedtak i FS 25. januar 2018

Klage på avgjerd

Vedk. tilskot til 17. mai-komiteen på Sæbø

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
050/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/40	18/12092

Søknad om drosjeløyve - uttale

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Nordhordland Taxisentral SA har søkt om at det vert oppretta to nye reserveløyve. Drosjeløyve er behovsprøvde og talet på løyve vert fastsett politisk.

Samferdselsavdelinga i Hordaland fylkeskommune som løyvestyresmakt har sendt på høyring søknaden om utvida kapasitet knytt til Nordhordland Taxisentral.

I dag er det totalt 36 drosjeløyve knytt til Nordhordland Taxisentral, fordelt på 28 ordinære løyve og 8 reseveløyve. Det er for tida ingen ledige løyve.

Det vert lagt opp til at dei to reserveløyva Nordhordland Taxisentral har søkt om, skal kunngjerast ledig mellom løyvehavarane knytt til sentralen.

Hordaland fylkeskommune har i februar i 2018 avslått søknad frå Nordhordland Taxisentral om to reserveløyve. Sentralen meiner det ikkje er grunn til bekymring for at sentralen skal bli på for få hender, slik dei oppfattar er grunnlaget for avslaget. Styret i Nh Taxi gjer merksam på at det i dag er 22 løyvehavarar i Nordhordland, og meiner dette ikkje er «få hender». Det vert i i ny søknad til samferdselsavdelinga påpeika at det ikkje er sentralen sin intensjon at det ikkje skal koma nye løyvehavarar, men styret meiner det per i dag vil vera smartare trafikk- og kundemessig med to reserveløyve.

Nordhordland Taxisentral peikar i søknaden på at trafikksituasjonen er aukande i morgon- og ettermiddagsrushet, men at trafikken elles er stille. Taxisentralen ønskjer difor å auka kapasiteten med reserveløyve – bilar som kan tidsavgrensast, og ikkje fleire bilar som står stille rundt om på stasjonane. Det vert peika på at med reservebilar har sentralen moglegheit til å styra bilparken inn mot trafikktoppane, noko som gjer tilbodet til marknaden meir fleksibelt – i staden for å ha eit statisk tilbod anten trafikksituasjonen er travel eller roleg.

Nordhordland Taxisentral skriv i søknaden at to nye reserveløyve vil betra sentralen si avvikling av spesielt skulekjøring og kommunal kjøring om morgon og ettermiddag.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Vedlegg:

Drosjeløyve i Nordhordland - søknader

Søknad om 2 nye reserveløyver i Nordhordland Taxisentral

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
051/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Anne Dahle Austrheim	18/1717	18/10780

Søknad om serveringsløyve - Pizzabakeren Meland - serveringsvogn

Saksopplysingar:

Radøy kommune mottok den 13.06.18 søknad frå Moldekleivmarka 21 AS, ved dagleg leiar Bente Steine Lindvik, om serveringsløyve for serveringsvogn merka Pizzabakeren.

Søkjjar opplyser at dei ønskjer å frakte vogna med seg på arrangement i Radøy kommune. Søkjjar vil ha dialog med arrangør og grunneigar for å avklare løyve til å plassere vogna.

Serveringsvogna er ei salsvogn der ein vil selje pizza, kaffi og liknande. Salsvogna har ein størrelse på 9 m2 og har ingen sitjeplassar inne.

Serveringsvogna vil og bli brukt til produksjon av pizza då vogna har eigen steikeomn.

Søkjjar har meldt frå til Mattilsynet 04.06.2018 om oppstart av serveringsvogn.

Dagleg leiar Bente Stein Lindvik f. 14.01.1969 har den 19.02.18 bestått etablerarprøven for serveringsverksemd i samsvar med serveringslova §5.

Etter § 6 i serveringslova «Bevillingshaver, daglig leder og personer som har vesentlig innflytelse på virksomheten, må ha utvist uklanderlig vandel i forhold til straffelovgivningen, skatte- og avgiftslovgivningen, regnskapslovgivningen, lov om forbud mot diskriminering på grunnlag av etnisitet, religion mv. 1 Personer som nevnt i første punktum må heller ikke ha begått lovbrudd i forhold til annen lovgivning på en måte som vil være uforenlig med drift av serveringssted» har søknaden har vore til uttale hjå politiet og dei hadde ingen merknader. Meland kommune innhenta opplysningar frå skattemynde i samband med at dei handsama same søknaden i Meland, og det var ingen merknader til denne.

Konklusjon

Søknaden er vurdert i samsvar med reglane i serveringslova av 13. juni 1997 nr. 55, og på bakgrunn av dei opplysningar som er gjeve og dei uttalar som er innhenta i samband med søknaden tilrår

rådmannen at løyvet vert gjeve som omsøkt.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Serveringsløyve vert innvilga etter serveringslova §3, slik:

Løyveharar: Moldekleivmarka 21 AS, Aksjeselskap, org.nr. 915 268 572

Dagleg leiar: Bente Steine Lindvik f. 14.01.69

Stad: Radøy kommune, Pizzabakeren serveringsvogn

Plassering av serveringsvogna gjeld for heile Radøy kommune.

Dette har som vilkår at det til ei kvar tid ligg føre avtale og godkjenning frå grunneigar der serveringsvogna er plassert, samt at plassering av vogn ikkje er i konflikt med føringar frå politi og trafikketat.

Løyveharar pliktar å melda frå til kommunen dersom det skjer endringar i forhold til dei vilkår som er sett.

Vedlegg:

Konsept

Bilde serveringsvogn(420270)

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
052/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	18/2020	18/11835

Tiltak mot sosial dumping - oppfølging av spørsmål i Spørjetimen

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I Spørjetimen i kommunestyret 21. juni stilte leiaren i Fagforbundet Radøy spørsmål om det er aktuelt for Radøy kommune å fatta vedtak mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Ordføraren sa i svaret sitt at han rår til at saka vert drøfta i formannskapet på første møte etter ferien.

Spørsmålstillaren viste til at 166 kommunar og fylkeskommunar i landet har gjort vedtak mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Ordføraren sa i svaret sitt at kommunen er opptatt av problemstillinga og syter for at kommunen som arbeidsgjevar følgjer spelereglane i arbeidslivet og betalar tariffesta løn og har ryddige arbeidsvilkår. Han sa også at det er gode tradisjonar for samarbeid med dei tilsette sine organisasjonar i kommunen.

Ordføraren viste til at kommunen kjøper ein del tenester eksternt, og sa at kommunen har eit vake auge på å ha eit samarbeid med verksemder som sikrar dei tilsette mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet. Men han konstaterte at det ikkje er mogleg å gje garantiar mot dette, og ordføraren seier kommunen ser positivt på spørsmålet og vil arbeida vidare med dette.

I svaret sa ordføraren at han meiner Radøy kan slutta seg til vedtak som mange kommunar har gjort, men peika samtidig på at dette kanskje først og fremst er ei sak for Alver kommune – ettersom eit vedtak i Radøy berre har 15 månaders levetid.

Rådmannen legg saka fram til drøfting utan framlegg til vedtak.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Vedlegg:

Sosial dumping - spørsmål til Spørjetimen 21. juni

Oversikt over kommunar og Skien-modellen

Tiltak - samanlikning hovudmodellar

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
053/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Grete Algrøy Herøy	17/1956	18/10156

Prosjekt felles barnevern i Radøy, Lindås og Meland - samarbeidsavtale

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Lindås kommune har fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen i Hordaland til å greie ut felles barnevernkontor med kommunane Meland og Radøy.

I samband med planlegging om bruk av midlane vart utgreiing av felles barnevernkontor sett i samband med kommunesamanslåinga og er ein del av program for bygginga av Alver kommune.

Arbeidet er prosjektorganisert og prosjektleiar er tilsett som barnevernleiar for felles barnevern og seinare barneverntenesta i Alver kommune.

Under føresetnad om endeleg vedtak i dei tre kommunestyra vert samarbeidet organisert som administrativt vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28-1 b, med Radøy kommune som vertskommune.

Det er planlagt at dagens tre barnevernstenester vert samlokalisert frå 01.12.2018 i Geco-bygget i Knarvik. Oppstart av vertskommunesamarbeidet vert 01.01.2019 og frå 01.01.2020 vert dette barnevernstenesta i Alver kommune.

Vurdering

Det har vore gjort eit omfattande arbeid i prosjektperioden fram mot eit felles barnevern, med mange prosessar både på fag-, personal- og økonomiområdet. Den nye felles barnevernsorganisasjonen er no rigga og ganske klar for å bli sett i drift. Samarbeidsavtalen som ligg føre regulerer forholda mellom samarbeidskommunane i året der Radøy kommune er vertskommune.

Felles barnevernsteneste vil styrka barnevernsarbeidet i dei tre kommunane. Det vert vurdert som hensiktsmessig at barnevernstenesta blir slått saman før 01.01.2020 og med dette er rigga og klar til samla å gå inn som barnevernstenesta i Alver kommune frå 01.01.2020.

Økonomi:

Budsjett og avrekning av kostnader er prega av at kommunane vert Alver kommune frå 2020. Budsjett for 2019 tek utgangspunkt i kvar av kommunane sitt driftsbudsjett i inneverande år, korrigert for venta pris- og lønsvekst, sjå samarbeidsavtalen pkt 8.

Konklusjon

Dei tre kommunane må gjere likelydande vedtak om vertskommuneavtalen, der Radøy vert vertskommune for barnevernstenesta i kommunane Lindås og Meland, fram til 01.01.2020 då felles barnevernsteneste ligg i Alver kommune.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek felles barnevernsteneste for Radøy, Meland og Lindås frå 01.01.2019.

Avtale om interkommunalt vertskommunesamarbeid for felles barnevern i Radøy, Meland og Lindås vert godkjend. Radøy kommune er vertskommune.

Kommunestyret delegerer mynde etter barnevernlova til barnevernsleiar i Radøy kommune frå og med 01.01.2019.

Vedlegg:

Prosjektmandat 2017

Interkommunal samarbeidsavtale. 16.5.18

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
054/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Bente Kopperdal Hervik	18/1661	18/11625

Revidering av handlingsplan i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026

Saksopplysingar:

Bakgrunn

Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 for Radøy kommune vart vedtatt i kommunestyret 3. mars 2016. Med heimel i plan- og bygningslova § 11-1 skal handlingsdelen reviderast årleg.

Vurdering

Revidering av handlingsplanen har vore kunngjort i brev til lag og organisasjonar, på nettsida, på facebook og i lokalavisene. Idrettsrådet har delteke i møte og hatt saka til uttale.

Det kom inn eitt innspel via telefon i samband med revideringa. Dette gjeld toalett i Sæbøvågen. I tillegg har idrettsrådet meld at rehabilitering av grasbana på Hordabø idrettspark og 200 meter riflebane er anlegg som bør koma med på prioritert plass på lista.

Spelemiddelordninga for idrett og fysisk aktivitet består av to ulike ordningar. Dette er **ordinære anlegg** som er anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet eigenorganisert fysisk aktivitet og **nærmiljøanlegg** som er utandørsanlegg for eigenorganisert fysisk aktivitet i tilknytning til bu- og aktivitetsområde.

Endringar i prioriteringsliste for ordinære anlegg

Fire anlegg fekk løyving i 2018 og går ut av lista. Dette gjeld:

- 100 meters riflebane i Haukåsen
- rehabilitering av golvet i Radøyhallen

- kunstgrasbana i Grønålen
- lysanlegget på Hordabø

Dei andre anlegga er flytta oppover, slik at øvst på lista står no anlegg som er ferdige eller under bygging og som har søkt tidlegare, medan anlegga som er planlagt starta opp i løpet av det neste året står på dei neste prioriterte plassane.

200 meter riflebane er flytta opp til prioritert plass då denne er planlagt starta opp i løpet av det neste året. Rehabilitering av grasbana på Bø er tatt inn på prioritert plass på lista. Tursti Manger-Tusenårsstaden-Nøttveitveten-Nøttveit er flytta frå ordinære anlegg til nærmiljøanlegg då alle turstiar uansett lengd no vert definert som nærmiljøanlegg. Klatrehallen i Hordabø idrettspark er flytta ned frå prioritert plass då denne ikkje ser ut til å verta realisert det første året.

Endringar i prioriteringsliste nærmiljøanlegg

To anlegg fekk løyving i 2018 og går ut av lista. Dette gjeld:

- Klatreanlegget ved Sæbø skule
- Gapahuken ved Nesvatnet

Rehabilitering av ballbingen på Sæbø skule er flytta opp til prioritert plass då denne kan verta aktuell å realisera i løpet av det neste året. Turstien Manger-Tusenårsstaden-Nøttveitveten-Nøttveit er som nemnd tatt inn på prioriteringslista over nærmiljøanlegg.

Endringar i handlingsplan for aktivitet

Vurdering av gratis halltid i Radøyhallen for aktivitetar for born og unge i regi av lag og organisasjonar vert vurdert i samband med budsjettet for 2019. Dei andre tiltaka bør gjerast i Alver kommune, og vert tatt ut av lista.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Handlingsplanen for idrett-, friluftsliv- og nærmiljø 2018 – 2022 vert vedteke slik den ligg føre.

Vedlegg:

Utkast til handlingsplan 2018

Idrettsplan endeleg versjon

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
055/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Olaf Michal Hella	18/20	18/12263

Småbarnsavdeling Austebygd barnehage

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I budsjettet for 2018 er det sett av 3 000 000 til etablering av småbarnsavdeling med 9 plassar for born på 1-2 år i Austebygd barnehage. Rådmannen har i løpet av våren gjort ein del grunnlagsarbeid for å finna ei tenleg løysing på dette for barnehagen. Norconsult har vore inne for å koma med framlegg til løysing som kan gje desse småbarnsplassane.

Norconsult har gjort ein grov kalkyle på kostnader knytt til utbygging og rehabilitering av eksisterande barnehage og gymbygg. I denne prosessen har det kome til fleire nye utfordringar. Blant anna vil kostnaden for sjølve tilbygget overstige vedteke budsjett. I tillegg kjem kostnader til uteområdet som utbygging av leikeområdet samt utfordringar knytt til krav om universell utforming av tilkomst til barnehagen. Andre framtidige krav til universell utforming kjem frå 2025, dette gjeld både barnehagebygget og skulebygget.

Rådmannen orienterte om utfordringane i formannskapet 7. juni 2018.

7. juni 2018 gjorde formannskapet dette vedtaket:

Formannskapet er uroa over konsekvensane ei småbarnsavdeling kan føra med seg. Formannskapet ber rådmannen føreta ei behovsvurdering for ei evt. småbarnsavdeling og koma tilbake til formannskapet med ei sak.

Utnytting av kapasitet på bakgrunn av godkjend leik og opphaldsareal i Radøy kommune

Norconsult gjorde våren 2018 vurdering av kapasiteten i barnehagane i Radøy. Vurderinga var slik:

- Leik og opphaldsareal (LOA) skal vere minimum 4 m2 for barn over 3 år og 5,33 m2 for barn under 3 år. Utearealet skal vere 6 gongar så stort som godkjent LOA.
- Ledig LOA er ikkje automatisk lik ledig barnehageplass. For at LOA skal kunne nyttast maksimalt må andre areal i barnehagane og funksjonalitet vurderast.
- Kommunen sine fem barnehagar har til saman ca 2006 m2 godkjent LOA (LOA i fam. bhg er

rekna ut i forhold til tal barn). Ut frå dagens barnetal er det disponert 1247 m2.

Status kapasitet i barnehagene ut frå dagens bygningar:

Austebygd barnehage:

I dag er det 18 barn i barnehagen. 5 av desse er 2 år gamle og tel dermed som 2 barn. Det er 23 plassar i dagens lokale.

Bø Barnehage:

Har no ei ledig avdeling med 16 plassar i tillegg til ein småbarnsplass. Når ny barnehage er ferdig vil det med dagens barnetal vera to ekstra avdelingar med 36 plassar.

Sæbø barnehage:

Har pr dd 2 ledige småbarnsplassar.

Prestmarka barnehage:

Er i dag lokalisert i Prestmarka, Dale og Solhall. Det er pr dags dato ikkje ledige plassar. Når første del av Solhall er ferdig, kjem Bø barnehage inn i lokala, medan ein byggjer Bø barnehage. Når Bø barnehage er ferdig, skal drifta av Prestmarka vera lokalisert i Solhall. Kapasiteten i Solhall tilsvarar dei plassane som er i Prestmarka og avdeling Dale i dag. Dette vil frigjera, evt skapa rom i lokala der Prestmarka er i dag. Kapasiteten i desse lokala er på 30 små og 42 store barn.

Om ein vel å flytta Radøy interkommunale busenter (RIB) til nye lokale på sikt, kan desse lokala også verta bygd om og nytta som barnehage vidare.

Vurdering:

Kapasiteten i barnehagane er god i forhold til dei barna som er i barnehagane. I Austebygd barnehage er kapasiteten nytta, men det er ikkje barn som står på venteliste.

Når utbygging av Solhall og Bø barnehage er ferdig vil den totale ledige kapasiteten vera på ca 40 plassar (store barn og 20 småbarnsplassar). Ut frå prognosar og fødselstal er det størst vekst på Manger. Det vil vera ledig kapasitet på Bø. Det er normal køyretid på 12 minutt både til Bø og Prestmarka barnehage frå Austebygd, medan det er 18 minutt til Sæbø barnehage. Dette er ikkje å rekna som lang veg. Ut frå ei totalvurdering av venta barnetal, etterspurnad/innsøkjing og kapasitet i barnehagane slik det er i dag, ser ikkje rådmannen behov for å byggja ut småbarnsavdeling på Austebygd.

Utfrå tal Norconsult har levert kan ein plassera fleire barn inn i dei tilgjengelege areal og dermed auka kapasiteten.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram til drøfting.

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
056/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jarle Landås	15/240	18/11860

Turløype på Manger - lyssetting

Saksopplysingar:

Bakgrunn

I sak 23/2018 vedtok kommunestyret følgjande oversendingsframlegg til formannskapet:
Kommunestyret ber formannskapet koma med ei vurdering av lyssetting av turløypa på Manger, i kva grad dette er inkludert i eksisterande planar, eller om det må setjast av tilleggsmidlar til å setja opp "lysstolpar".

Planlegging av turløype på Manger vart starta i 2015 og første trinn av turveg / lysløype på Manger vart ferdig i 2016. I investeringsbudsjettet for 2018 er det sett av kr. 2600.000 til vidare bygging av turvegen. Arbeidet er prosjektert og har vore på anbod, og kostnaden er innanfor budsjett.

I den delen av vegen som er opparbeida og i prosjektert veg er det noko arbeid for å førebu seinare oppsett av lys, mellom anna er røyr lagt i vegen. Oppsetting av stolpar og anna naudsynt arbeid for å få lys i løypa, har så langt ikkje vore prioritert arbeid innanfor tildelte midlar. Status er derfor at det på eit tidspunkt må løyvast midlar til lyssetting. Dette kan gjerast ved å løyve midlar for deler av vegen no eller for heile vegen nå siste del av løypen skal prosjekterast og utførast.

For raskt å få full utnytting av løypa om hausten og vinteren kan det vere tenleg å setje opp lys for den delen av løypa som allereie er bygt og prosjektert.

Det vert arbeid med kostnadskalkyle på lyssetting av turløypa. Dette vert ettersendt som vedlegg til saka.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
057/2018	Formannskapet i Radøy	PS	04.09.2018

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Arthur Kleiveland	18/1968	18/11574

Meldingar og referatsaker

Saksopplysingar:

Meldingar og referatsaker vert tekne til orientering

Vedlegg:

Generalforsamling Aufera 23. mai _møtebok

Generalforsamling BKK 7. juni 2018 _protokoll

NGIR representantskapsmøte 28 mai 2018 _ referat

Regionrådet 8. juni protokoll

Karrieresenteret i Hordaland - presentasjon i regionrådet

Prosjekt «Kunnskap og kompetanse i Nordhordland» - presentasjon regionrådet

Representantskap NUI 8. juni - signert protokoll

Representantskap RNHI 8. juni - signert protokoll

Representantskapsmøte Interkommunalt Arkiv 2018_protokoll

Referat eigarmøte Invest in Bergen og Etablerersenteret 110618

Eigarmøte Invest in Bergen og Etablerersenteret (002)

Etablerersenteret eigarmøte 8. juni

Invest in Bergen - presentasjon eigarmøtet 8 juni 2018

Krisesenteret skal drivast av Bergen kommune

Svar på uttale til Kontaktutvalet for Nordhordlandspakken.pdf (L)(181121)